

Spørsmål til møte 19.mai 2020 i Utval for Kultur, Idrett og Integrering

Knut Inge Andersen, Folkeaksjonen Nei til meir bompengar

## Sogn og Fjordane og Hordaland fylke er historie – men skal også bruken av begge namna opphøre?

Denne kommentaren stod i BT denne veka (faksimile):

# Det er på tide å akseptere at Sogn og Fjordane er lagt ned

Først brukte dei opp alle pengane sine. No klagar politikarar frå Sogn og Fjordane over at økonomien er dårleg.

Publisert 1 går 15:11



Av **Gerd Margrete Tjeldflåt**  
Kommentator

I og med opprettinga av Vestland fylke frå 1.1.2020 vart dei to fylka Sogn og Fjordane og Hordaland nedlagde gjennom samanslåing. Verken Hordaland eller Sogn og Fjordane vil dermed 'leve vidare' i offisielle kartverk, som offisielle geografiske område eller som kulturelle omgrep.

At fylka er slått saman bør ikkje vere til hinder for ei drøfting om ein bør gjere konkrete tiltak for å bevare fylkesnamna for ettertida, gjennom ei form for synleggjering. Sogn og Fjordane og Hordaland vil til dømes truleg halde fram som eigne valdistrikt til Stortinget. Dei gamle fylkesnamna tener som praktiske og konsise geografiske omgrep, i staden for å byggje opp nye og for mange, unaturlege, omgrep som 'sørfylket' og 'nordfylket'. Vidare har ein til dømes det vel innarbeidde 'Nordhordland' og 'Sunnhordland'. Det skulle vere argument for at 'Hordaland' bør takast vare på som offisiell geografisk eining.

Spørsmålet om å ta vare på dei gamle fylkesnamna kan også ha eit næringspolitisk aspekt. Det er ingen tvil om at både Sogn og Fjordane og Hordaland er å rekne som merkevarer med ein stor innarbeidd marknadsverdi.

### Spørsmål:

Ser Utvalsleiar for Kultur, Idrett og Integrering verdien av aktive grep ( til dømes gjennom vegskilting) for å ta vare på dei tidlegare fylkesnamna slik at desse kan bestå som synlege og anerkjende geografiske og historisk-kulturelle einingar også i offisiell samanheng?